

BEREDSKAPSPLAN AKUTT FORUREINING IUA - NORDFJORD

ADMINISTRATIV DEL	Side 1 av	17
	Revisjon:	14.01.14
	Erst. nr. av	
	Dato:	27.10.12
	Godkj. av:	Klif

INNHOLD

	Side
INNHOLD	1
KAPITTEL 1 <u>FULLMAKT</u>	3
KAPITTEL 2 <u>ADMINISTRATIVE SIDER</u>	6
 2.1 SKJEMA FOR STADFESTING AV AT REVISJON ER GJENNOMFØRT	6
 2.2 REVISJONSSTATUS	7
 2.3 FORDELINGSLISTE	8
 2.4 BEREDSKAPSPLANEN. GODKJENNING/IVERKSETJING	8
 2.5 LOVGRUNNLAG	8
2.5.1 Forureiningsloven	8
2.5.2 Lov om brannvern	9
 2.6 FORKORTINGAR/DEFINISJONAR	10
2.6.1 Forkortinger	10
2.6.2 Definisjonar	10
KAPITTEL 3 <u>DEN INTERKOMMUNALE BEREDSKAPSORGANISASJONEN</u>	13
 3.1 ÅRSMØTET	14
 3.2 BEREDSKAPSUTVALET	14
 3.3 SEKRETARIATET	14



BEREDSKAPSPLAN AKUTT FORUREINING IUA - NORDFJORD

ADMINISTRATIV DEL	Side 2 av	17
	Revisjon	14.01.14
	Erst. nr. av	
	Dato:	27.10.12
	Godkj. av:	Klif

3.4 OPPLÆRING/ØVINGAR	15
3.5 ANSVAR OG OPPGÅVER	15
3.5.1 Brannvesen, hamnevesen og politi	15
KAPITTEL 4 <u>ØKONOMI</u>	16
4.1 ÅRSBUDSJETT	16
4.1.2 Kostnadsfordeling	16
4.2 TILVISINGSMYNDIGHEIT	17
4.3 REVISJON	17
4.4 UTGIFTER TIL AKSJONAR/GARANTIAR (EIGEN REKNESKAP)	17



ADMINISTRATIV DEL

Side 3 av 17

Revisjon	14.01.14
Erst. nr. av	
Dato:	27.10.12
Godkj. av:	Klif

Kapittel 1 Delegering av myndighet til IUA

Kommunen si myndighet etter § 43 i forureiningsloven blir med dette delegert til IUA.

Delegeringa fritar ikkje kommunen for det sjølvstendige ansvaret som er gitt etter forureiningsloven.

Kommunestyret si delegering er heimla i Lov av 25.09.92 om kommunar og fylkeskommunar.

1.1 Forholdet mellom deltagande kommunar og IUA

SAMARBEIDSAVTALE OM BEREDSKAP MOT AKUTT FORUREINING

§ 1. Omtale av samarbeidet

Virkeområdet for avtalen er kommunane i regionen ut til 4 nm av grunnlinja. Kommunane er:

VÅGSØY,SELJE,BREMANGER,EID,GLOPPEN,HORNINDAL OG STRYN.

Samarbeidet skal setje eigarkommunane i stand til å møte krava til kommunal beredskap mot akutt forureining. Samarbeidet skal gi eigarkommunane den mest kostnadseffektive beredskapen.

§ 2. Avtalen si varigheit

Avtalen er ikkje tidsavgrensa. Den kan bli sagt opp etter vedtak i formannskap/kommunestyre.

Oppseiingstida er 6 månader, og oppseiinga verkar frå 1. januar det påfølgjande året. Avtalen kan bli reforhandla dersom ein av kommunane (formannskap/kommunestyre) krev det.

§ 3. Organisering

Beredskapsutvalet med personlege vararepresentantar skal ivareta kommunane si beredskapsplikt. Det skal ha 6 representantar, og samansetjast slik:

Havnedirektøren i Nordfjord Havn IKS
Brannsjefen i Vågsøy
Lensmannen i Vågsøy
1 brannsjef frå dei andre kommunene i regionen
1 representant frå industrien i regionen
1 representant frå dei kommunene som ikkje er representert ovanfor.

VAL: For dei tre første representantane følgjer mandatet stillinga.



BEREDSKAPSPLAN AKUTT FORUREINING IUA - NORDFJORD

ADMINISTRATIV DEL

Side 4 av 17

Revisjon	14.01.14
Erst. nr. av	
Dato:	27.10.12
Godkj. av:	Klif

Medlemskapet til den valde brannsjefen skal rullere mellom kommunene(eks.Vågsøy) og følgje valperioden for kommuneval.

Representanten for industrien skal veljast mellom og i samråd med industriverksemidene i regionen. Han skal også ha ei funksjonstid på 4 år, likevel slik at den første vert vald for eit tidsrom fram til midten av første kommande kommunevalperiode.

Den "frie" representanten skal veljast frå dei kommunene som ikkje er representert mellom dei andre medlemene i styret, og ha ei funksjonstid som følgjer kommunevalg-perioden.

Beredskapsutvalet er valnemnd.

Havnedirektøren i Nordfjord Havn IKS leier beredskapsutvalet.

Beredskapsutvalet har overordna ansvar for planleggjring, gjennomføring og rapportering, under dette finansiering, årsbudsjett og årsrapport. Beredskapsutvalet har ansvar for at det til ei kvar tid ligg føre ein formålstenleg beredskapsplan, og at denne blir revidert ved behov, minst kvart 4. år. Beredskapsutvalet skal sjå etter at personell- og utstyrssressursane er tilstrekkelege i forhold til skadepotensialet i regionen, under dette at ein gir personellet nødvendig utdanning, og at det får mulegheiter til å perfeksjonere seg, slik at beredskapsorganisasjonen kan løyse oppgåvene sine.

Der skal til ei kvar tid være kursa min. 3 aksjons leiarar, 6 skadesteds leiarar, 9 lags leiarar. Beredskapsutvalet prioriterer og tilrår søknader om støtte til innkjøp av utstyr.

Sekretariatet er tillagt Nordfjord Havn IKS.

§ 4. Årsplanar og årsrapportar

Eigarkommunane skal innan 1. juni få tilsendt beredskapsutvalet sitt forslag til årsplan med årsbudsjett for det påfølgjande året til godkjenning. Innan 31. mars skal beredskapsutvalet legge fram årsrapport med rekneskap for det føregåande året. Årsrapporten blir behandla av årsmøtet.



Beredskapsregion 18: Nordfjord

ADMINISTRATIV DEL

Side 5 av 17

Revisjon	14.01.14
Erst. nr. av	
Dato:	27.10.12
Godkj. av:	Klif

§ 5. Økonomi

Lett utstyr i einskildkommunane:

Eigenandelen blir dekt av kvar einskild kommune.

Investering i tungt utstyr sjø/land/vassdrag:

Eigarkommunane heftar kollektivt for låneopptak som delfinansiering av tungt utstyr plassert i **Måløy, Vågsøy kommune.**

Kompetanseutvikling:

Utgifter til generell kompetanseutvikling blir dekt av kvar einskild kommune. Utgifter til spesiell kompetanseutvikling blir dekt av regionen.

Driftsutgifter:

Årlege driftsutgifter for regionen blir fordelt etter folketallet i samsvar med tabellen som vist i kapittel 4.1.2. Beredskapsutvalet sitt forslag til årleg driftsbudsjett skal godkjennast av kommunane.

§ 6. Eigedomsrett til materiell

Fellesmateriell som er anskaffa i samband med tidlegare og framtidig interkommunal beredskap, er felles eigedom for dei deltagande kommunane. Utstyr ut over dette er den einskilde kommunen sin eigedom.

§ 7. Godkjenning av beredskapsplanen

Vilkåret for avtalen er at beredskapsplanen er godkjent av Klif.

§ 8. Vesentlege endringar

Dersom det blir nødvendig å endre virkeområdet eller omfanget av beredskapsplanen i vesentleg grad, skal ein gjere slike endringar gjennom tilleggsavtalar eller fornya avtale.



ADMINISTRATIV DEL

Side 6 av 17

Revisjon	14.01.14
Erst. nr. av	
Dato:	27.10.12
Godkj. av:	Klif

Kapittel 2 Administrative sider

2.1 Skjema for stadfesting av at revisjon er gjennomført

Ver vennleg å kontrollere dine telefon- og telefaksnummer i VEDLEGG A. Ved eventuelle feil, ver vennleg å gi beskjed til sekretariatet.

Ver vennleg å returnere til: Interkomm. Utval mot Akutt Forureining (IUA) i: NORDFJORD

Vårt eksemplar av IUA sin beredskapsplan revidert.

Dato.....

Underskrift.....



ADMINISTRATIV DEL

Side 7 av 17

Revisjon	14.01.14
Erst. nr. av	
Dato:	27.10.12
Godkj. av:	Klif

2.2 Revisjonsstatus

Ved revidering av IUA sin beredskapsplan, akutt forureining, blir denne forsida nytta.

Revider:

Kap.	Tittel	Rev. nr.	Talet på ark	Ny/skal byttast/ makulerast
	OPERATIV DEL		23	
	Innhaldsliste		2	
1	IUA sin beredskapsorg.		6	
2	Vakt, varsling, mobilisering		4	
3	Sjekklisten for AKL m. stab		11	
	ADMINISTRATIV DEL		17	
	Innhaldsliste		2	
1	Fullmakt		3	
2	Administrative sider		7	
3	Den interkommunale b.org.		3	
4	Økonomi		2	
	VEDLEGG			
Vedl. A	Telefon og telefaks		8	
Vedl. B	Beredskapsplanar for den einskilde kommunen			
Vedl. C	Kart over miljøsårbarheit		1	
Vedl. D	Ressursoversikt		6	
Vedl. E	Nødhamner og strandsetningsplassar		4	
Vedl. F	Handtering av avfall		1	
Vedl. G	Kontoplan		4	
Vedl. H	Informasjonsteneste		2	



ADMINISTRATIV DEL

Side 8 av 17

Revisjon	14.01.14
Erst. nr. av	
Dato:	27.10.12
Godkj. av:	Klif

2.3 Fordelingsliste

Beredskapsplanen vert distribuert til: KLIF, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/Miljøvernavdelinga, Beredskapsentralen og dei einskilde medlems kommunane.

2.4 Beredskapsplanen - godkjenning/iverksetjing

Beredskapsplanen er godkjent av Statens forureiningstilsyn den 23.09.1998 med heimel i Lov av 13. mars 1981, nr. 6 om Vern mot forurensning og om avfall, jfr. § 44 første ledd.

Planen trer i kraft frå same dato.

2.5 Lovgrunnlag

2.5.1 Forurensningsloven

Grunnlaget for beredskapen ligg i Lov av 13. mars 1981 nr. 6 - "Forurensningsloven"

I § 38 blir akutt forureining definert som "Forurensing av betydning som inntrer plutselig og som ikke tillates etter bestemmelse i eller i medhold av forurensningsloven."

§ 39 Beskriv den varslingsplikten alle, inkludert kommunane, har i samband med akutt forureining."Varslingsplikta påhviler den ansvarlige. Også andre har plikt til å varsle. Nærmere bestemmelser om varslingsplikten er gitt i "

§ 43 seier at "Kommuner skal sørge for nødvendig beredskap mot mindre tilfeller av akutt forurensning som kan inntrefte eller medføre skadenvirkninger innen kommunen, og som ikke dekkes av privat beredskap etter §§ 40-42."

§ 44 gir forureiningsmyndigheita (KLIF) rett til å stille krav til den kommunale beredskapen, få framlagt beredskapsplan til godkjenning, og å pålegge kommunar å samarbeide om beredskap (IUA).

§ 46 slår fast at kommunen har plikt til å aksjonere, sjølv om situasjonen ikkje fell innafor ramma for kommunal beredskap (§ 43).

§ 47 beskriv kommunene sine plikter vedrørande hjelp med personell og utstyr ved aksjonar, også utanfor eige område. § 47 gir vidare kommunen myndighet til å påleggje private beredskapspliktige å hjelpe til med utstyr og personell.

Med heimel i forureningsloven er det også sendt ut følgjande forskrifter:



ADMINISTRATIV DEL

Side 9 av 17

Revisjon	14.01.14
Erst. nr. av	
Dato:	27.10.12
Godkj. av:	Klif

- Kapittel 19 "Sammensetning og bruk av dispergeringsmidler og strandrensemidler for bekjempelse av oljeforurensning."
- "Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning."
- Kapittel 1 "Tiltak for å motvirke fare for forurensning fra nedgravde oljetanker"

2.5.2 Lov om brannvern

Det er i "Lov om brannvern m.v. av 5.6 1987 nr 26", med endringar i år 2002 beskrive kva for rolle brannvesenet skal ha:

§ 8 c fastslår at brannvesenet skal gi hjelp ved andre akutte ulykkesituasjonar enn brann.

§ 12 regulerer avtalar om samarbeid om beredskapen

§ 20 fastslår at brannsjefen skal ha leiinga på skadestaden inntil oppgåva eventuelt blir overtatt av ein annan ansvarleg leiar. Dette gjeld når ikkje anna er avtalt, feks i form av beredskapsplan mot akutt forureining.

Med heimel i Brannloven er det sendt ut følgjande forskrift med rettleiing:

- "Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen" som stiller nærmare krav til beredskapen ved brann og andre ulykkesituasjonar.



ADMINISTRATIV DEL

Side 10 av 17

Revisjon	14.01.14
Erst. nr. av	
Dato:	27.10.12
Godkj. av:	Klif

2.6 Forkortingar/definisjonar

2.6.1 Forkortingar

AKL	= Aksjonsleinga
HRS	= Hovudredningssentralen. Sola eller Bodø
IMDG	= Regulering av transport av farleg gods på skip
IUA	= Interkommunalt utval mot akutt forureining.
LRS	= Lokal redningssentral
MD	= Miljøverndepartementet
MI	= Meteorologisk institutt
SD	= Sjøfartsdirektoratet
SKL	= Skadestadleiar

2.6.2 Definisjonar

Absorbent - middel som kan suge opp forureininga i porene sine

Adsorbent - middel som kan suge opp forureininga ved at denne festar seg til overflata på midlet (vedheng). I daglegtalen skil ein ikkje mellom adsorbent og absorbent, men brukar absorbent sjølv om begge fenomena er til stades.

Aksjon - Organiserte tiltak som omfattar varsling, bekjemping og sanering

Aksjonsleiar - den personen IUA gir myndighet til å leie aksjonen

Akutt forureining - med akutt forureining meiner ein betydeleg forureining, som inntrer plutselig og som ikkje er tillate etter Forureiningsloven.

Beredskapsutvalet - formelt oppnemnt utval med ansvar for å ivareta kommunane sine plikter etter Forureiningsloven sin §43, første ledd.

Dimensjonerande utslepp - eitt eller fleire tenkte utslepp som kan inntreffe innan området og som beredskapen blir bygd opp for å kunne ivareta

Dispergering - tilsetting av kjemisk middel som finfordeler olje i vatn



ADMINISTRATIV DEL

Side 11 av 17

Revisjon	14.01.14
Erst. nr. av	
Dato:	27.10.12
Godkj. av:	Klif

Forureiningsmyndighet - offentleg instans som har myndighet etter Forureiningsloven

Geografisk virkeområde - klart definert og avgrensa område som beredskapen skal omfatte (eksempelvis ein region, ein kommune el)

Grunnlinja - rette linjer trekt gjennom de ytste punkta på den norske kysten

Informasjon - melding som blir gitt om eit akutt utslepp til personar eller instansar som ikkje blir direkte berørt av utsleppet, men som kan vere interesserte i informasjonen, eksempelvis presse, politikarar

Interkommunalt Utval mot Akutt forureining - IUA - beredskaps- og aksjonsutval sett saman av leiarar for ulike beredskapsinstansar (brannsjef, hamnesjef, politimeister, repr. for industrien) i regionen. Utvalet skal planleggje, setje i verk og leie større aksjonar mot akutt forureining innan regionen på land og til sjøs ut til 4 nm frå grunnlinja dersom den som valdar skade, ikkje set i verk tilstrekkelege tiltak.

Mobiliseringstid - tid frå varsel om akutt utslepp er mottatt, til utstyr/personell er klart til avreise (dvs responstid minus transporttid)

Mottiltak - fysiske, operative tiltak for å stoppe og begrense eit akutt utslepp, og som pågår frå utsleppet har funne stad, fram til dette er kome under kontroll

Nødmeldesentral - Fagsentral brann som mottar melding om akutt forureining (tlf 110). Tilsvarande fagsentraler finst for politi (112) og ambulanse (113)

Operasjonell - Beredskapsorganisasjonen si evne til å fungere i augneblinken og på sikt

Operativ - funksjonsdyktig og vedtaksfør

Region - geografisk avgrensa område for interkommunalt beredskapssamarbeid for å ivareta kommunane sine plikter etter Forureiningsloven § 43 - Kommunal og statleg beredskap.

Responstid - tida frå varsel om akutt utslepp er mottatt til aktuelle tiltak blir sett i verk på skadestaden



ADMINISTRATIV DEL

Side 12 av 17

Revisjon	14.01.14
Erst. nr. av	
Dato:	27.10.12
Godkj. av:	Klif

Restaurering - tiltak som blir sett i verk når saneringa er avslutta for å tilbakeføre plante- og dyrelivet til tilstanden før utsleppet hende

Sanering - Oppreinsking av forureining etter akuttfasen. Det vil seie tiltak som blir sett i verk når det ikkje er lenger er fare for at forureininga kan komme i drift eller spreie seg vidare

Strategisk leiing - den organisasjonen som har det overordna ansvaret for ein aksjon og som tar dei prinsipielle og overordna beslutningane

Taktisk leiing - leiar for skadestaden med sine gruppeleiarar som leier innsatsen på skadestaden

Varsling - melding som blir gitt om eit akutt utslepp til personar eller instansar som direkte blir berørt av utsleppet og som har ansvar for å setje i verk tiltak, eksempelvis brannvesen, hamnevesen, beredskapsentralen.

Vertsbrannvesen - Brannvesenet i vertskommunen. Vil vere utsynningsinstansen ved akutte utslepp i heile regionen.

Vertskommune - Kommune i ein region som skal administrere beredskapen mot akutt forureining i regionen. Kommunen har også ansvar for, i tillegg til den operative beredskapen innan eigen kommune, å tilby hjelpe til andre kommunar innan regionen ved forureiningsituasjonar på land og til sjøs.




ADMINISTRATIV DEL

Side 13 av 17

Revisjon 14.01.14
Erst. nr. av
Dato: 27.10.12
Godkj. av: Klif

Kapittel 3 Den interkommunale beredskapsorganisasjonen
Formell organisering



ADMINISTRATIV DEL

Side 14 av 17

Revisjon	14.01.14
Erst. nr. av	
Dato:	27.10.12
Godkj. av:	Klif

3.1 Årsmøtet

På årsmøtet for IUA møter representantar frå kvar kommune.

Årsmøtet besluttar budsjettet og planane for IUAet for kommande periode og behandlar beredskapsutvalet sin årsrapport, velger nytt beredskapsutval kvart 4.år og tar opp saker frå medlemskommune.

3.2 Beredskapsutvalet

Beredskapsutvalet skal ivareta eigarkommunane si beredskapsplikt.

Havnedirektøren i Nordfjord Havn IKS er leiar. Eigarkommunane er representerte i beredskapsutvalet i samsvar med § 3 i samarbeidsavtalen.

Beredskapsutvalet har overordna ansvar for planleggjring, gjennomføring og rapportering, under dette finansiering, årsbudsjett og årsrapport. Utvalet har ansvar for at ein formålstenleg beredskapsplan ligg føre til ei kvar tid, og at planen blir revidert når det er behov for dette, minst kvart 4. år. Utvalet skal sjå til at personell- og utstyrssressursane er tilstrekkelege i forhold til skadepotensialet i regionen, under dette at personellet blir gitt nødvendig utdanning og får muligheter til å perfeksjonere seg slik at beredskapsorganisasjonen kan løyse oppgåvene sine. Det interkommunale Utvalet mot Akutt Forureining (IUA) er Beredskapsutvalet sitt operative organ som trer saman ved aksjonar. Sjå elles pkt. 3.4. om opplæring og øvingar.

For at IUA beredskapen skal fungere effektivt, er det nødvendig:

- at einskildkommunane og dei private verksemndene samordnar beredskapsplanane sine for å kunne koordinere innsatsen når oppgåva er større enn det den einskilde kommunen eller verksemda kan klare
- at samarbeidet med statlege og private organisasjonar innan området akutt forureiningsberedskap blir etablert og utvikla. Det er spesielt viktig at IUA-beredskapsplanen er harmonisert med Kystverket sin beredskapsplan slik at samarbeidet kan fungere effektivt ved store aksjonar.

3.3 Sekretariatet

Sekretariatet, som er tillagt Nordfjord Havn IKS, har følgjande oppgåver:

- legge til rette for nødvendig møteverksemnd i beredskapsutvalet.
- yte sekretærhjelp når beredskapsplanen skal utarbeidast og reviderast



ADMINISTRATIV DEL

Side 15 av 17

Revisjon	14.01.14
Erst. nr. av	
Dato:	27.10.12
Godkj. av:	Klif

- ajourføre beredskapsplanen
- føre rekneskap
- utarbeide forslag til årsplan med årsbudsjett
- utarbeide forslag til årsrapport med årsrekneskap
- samordne eigarkommunane si verksemd når det gjeld utstyr
- samordne eigarkommunane si verksemd når det gjeld kompetanseutvikling

3.4 Opplæring/øvingar

Beredskapen i regionen skal øvast minimum ein gong pr år. Øvinga blir lagt opp slik at tema for øvinga blir endra fra år til år.

Personell som er tilknytta beredskapsorganisasjonen til IUA og kommunane, skal få nødvendig opplæring for å fylle sin funksjon i beredskapen. Denne kompetansen skal vedlikehaldast og oppdaterast, f.eks ved oppfriskingskurs eller øvingar. Nøkkelpersonell på ulike nivå i organisasjonen skal få den nødvendige formelle og praktiske kompetansen ved kurs/opplæring spesielt innretta for dette formålet. Beredskapsutvalet er ansvarleg for at det blir utarbeidd opplæringsplanar, og at personellet får tilbod om slik opplæring.

3.5 Ansvar og oppgåver

3.5.1 Brannvesen, hamnevesen og politi

Brannvesenet

Brannvesenet vil normalt leie aksjonar mot akutt forureining på land. Brannvesenet vil planleggje innsats, under dette nyskaffingar, lagring og vedlikehald av materiell og opplæring og øving av eige personell. Planleggjing mv skal samordnast med hamnevesenet og andre som inngår i beredskapen.

Hamnevesenet

Hamnevesenet vil normalt leie aksjonar mot akutt forureining på sjøen. Hamnevesenet skal planleggje innsats, under dette nyskaffingar, lagring og vedlikehald av materiell for mottiltak av akutt forureining og opplæring og øving av eige personell. Planleggjing mv skal samordnast med brannvesenet og andre som inngår i beredskapen.

Politi

Ein forutset at politiet ivaretar oppgåvene sine etter dei reglane og vedtekten som gjeld for politimyndighetene. Politiet sine plikter under aksjonar vil normalt vere dei same som ved branntilfelle. Ved kombinerte rednings- og forureiningsaksjonar vil det vere politimeisteren i vedkommande politidistrikt som har aksjonsleiinga.



ADMINISTRATIV DEL

Side 16 av 17

Revisjon 14.01.14
Erst. nr. av
Dato: 27.10.12
Godkj. av: Klif

4.0 Økonomi**4.1 Årsbudsjett**


Det interkommunale beredskapsutvalet set kvart år opp budsjettforslag for kommande år.

- Administrasjonsutgifter
- Drifts- og vedlikehaldsutgifter
- Investeringar i nytt utstyr

4.1.2 Kostnadsfordeling

Utgiftsfordelinga er berekna ut frå folketalet pr.01.01.

Kostnadsfordelinga kan endrast av årsmøtet.

Oversikt 2012

Tallene er justert etter SSB's berekna folkemengd for 1.januar 2012.



ADMINISTRATIV DEL

Side 17 av 17

Revisjon	14.01.14
Erst. nr. av	
Dato:	27.10.12
Godkj. av:	Klif

4.2 Tilvisingsmyndighet

Tilvisingsmyndigheita under større aksjonar ligg primært hos leiar i det interkommunale beredskapsutvalet, men kan delegerast til nestleiar, aksjonsleiar eller leiar på skadestaden. Formannen eller avløysaren hans har fullmakt til å setje i verk nødvendige tiltak innanfor dei økonomiske rammene som er gitt for beredskapen.

4.3 Revisjon

Rekneskapen blir revidert av : Kommune revisor.

4.4 Utgifter til aksjonar/garantiar (eigen rekneskap)

Den som valdar skade, er i prinsippet ansvarleg for alle utgiftene som skriv seg frå den akutte forureininga. Det kan oppstå situasjoner som gjer at ein ikkje kan oppnå erstatning pga:

- Skadevaldar er ukjent eller kan ikkje oppsporast.
- Skadevaldar er ikkje betalingsdyktig.
- Skadevaldar er heilt eller delvis skadefri av juridiske grunnar, feks pga avgrensingsreglane i sjølovgivinga.
- Skadevaldar påviser at utgiftene er urimelege i forhold til den faren for skade som låg føre da aksjonen blei sett i verk.

Staten kan ved større aksjonar og økonomiske garantiar forskottere til kommunane dei kostnadene som heng saman med aksjonane.

Dersom det er bevilga statlege middel til aksjonen, skal Kystverket sine reglar for godtgjering og kontoplan for aksjonar følgjast. Føring av rekneskap/dokumentasjon under aksjonar skal skje etter Kystverkets mal som anvist i *"Administrativ veileder for kommuner og IUA"*.

Kommunane v/aksjonsleiinga må vurdere kor nødvendige dei aktuelle tiltaka er, og sjå til at kostnadene står i rimeleg forhold til dei skadane tiltaka tar sikte på å avverje. I tvilstilfelle, og når situasjonen tillet det, skal aksjonsleiinga rádføre seg med skadevaldar/assurandør eller Kystverket, slik at kommunane kan få refundert utgiftene sine utan innvendingar. Før ein får endelig dekning frå staten, må kommunane i rimeleg grad ha dokumentert at det ikkje er muleg å få dekning fra skadevaldar.

Tvil om kven som skal bære kostnadene, må ikkje utsetje ein eventuell aksjon.

